



# Årsmøtepapirer - Landslaget for lokalaviser

## 17. juni 2021

### Saksliste

Stad: Digitalt

#### **1. Konstituering**

Godkjenning av innkalling og stemmefullmakter

Val av møteleiarar

Val av referantar

Val av redaksjonskomité

#### **2. Årsmelding for 2020**

#### **3. Rekneskap for 2020 og balanse per 31.12.2020**

#### **4. Strategi- og handlingsplan for 2021 og 2022**

#### **5. Fastsettjing av medlemspengar for 2022**

6. Val

#### **7. Landsmøte 2022**

# STYRETS ÅRSMELDING 2020

Året som gjekk har vore heilt spesielt for Landslaget for lokalaviser (LLA) og landet i sin heilskap. Berre dei to første månadane av året vart «normale». Etter at lokalavisene fekk eit stort løft i produksjonstilskotet, skulle 2020 vera året der ein skulle bruka desse pengane på å løfta lokalavisene. I staden vart det eit år prega av omstrukturering, heimekontor og arbeid på ein heilt anna måte enn før.

Det har lenge vore krevjande tider for lokalavisene og 2020 var året der lokalavisene skulle sjå framover. Slik gjekk det dessverre ikkje.

For svært mange avisar har det vore økonomisk særslig vanskeleg å koma gjennom 2020. Det har vore permitteringar og endringar ingen kunne tru skulle koma. I staden for landsmøte, prisutdelingar og fagleg påfyll, vart det heimekontor og korona.

LLA sitt landsmøte skulle vore i Ålesund helga 13.-15. mars. Vi håpte i det lengste på å gjennomföra, men då samfunnet stengde ned 12. mars var det sjølvsagt at også landsmøtet måtte avlysast.

Økonomien i avisene forsvann over natta, samtidig var informasjonsbehovet i kvar enkelt kommune større enn nokon sinne. Dei fleste lokalavisene klarte unngå permitteringar i redaksjonane, men nokre måtte også permittera redaksjonelle medarbeidarar for å overleva.

Med nedgang i annonseinntektene for dei aller fleste, har det vore svært viktig med auke frå dei digitale brukarane. Storparten av avisene har opplevd vekst i talet betalande nettbrukarar så lenge pandemien har vart.

Om den samla økonomien har vore under press tidlegare, så har 2020 vore ei enno meir krevjande øving enn tidlegare. Avisene har spart der det har vore mogleg å spa og arbeidsmengda har nok knapt vore høgare for dei tilsette. Slik har det og vore for Landslaget for lokalavisar. Særleg dei første månadane var krevjande med svært mykje arbeid, blant anna for å få til ei best mogleg statleg kompensasjonsordning.

## Medlemstal

LLA har inneverande år kunne ønska velkommen fem nye medlemmer; Porten.no, Lokalavisa Geita, Flatangernytt, Mitt Kongsvinger og VårtOslo.

Avisene som er eigd av Schibsted i Bergensregionen (Bygda-nytt, Vestnytt, Askøyværingen og Strilen) gjekk ut av LLA. Avisa Sunnmøringen og Sykkylvsbladet er slått seg saman til Nyss. Ved inngangen til 2021 hadde LLA dermed 113 medlemsavisar, det same som ved inngangen til 2020.



Avisbesøk til Sykkylvsbladet, før avis ble NYSS. Foto: Tomas Bruvik

## Økonomi

LLA hadde i 2020 også ein kort periode med permitting av ein medarbeidar, medan ein medarbeidar var i svangerskapspermisjon i sju månader. Økonomien er og prega av mindre reiseaktivitet, og stram kostnadsstyring. Samtidig hadde LLA ein del kostnader i samband med landsmøtet som vart avlyst. Driftsinntektene var på totalt 6.665.122 kroner. Årsresultat etter finanspostar viser eit overskot på 142.114. Samla eigenkapital per 31.12.2020 er 2.130.943.

Årsoppgjeret syner at det er vilkår for vidare drift, at arbeidsmiljøet er godt og at verksemda ikkje ureinar det ytre miljøet meir enn det som er vanleg for denne typen organisasjonar.

## Pressepoltikk og rammevilkår

2019 var eit historisk år då det var vedteke eit kraftig løft i produksjonstilskottet for lokalavisene. I 2020 vart denne lovnaden sett i verk og det kraftige løftet kom avisene til gode. Dette har LLA kjempa for i lang tid, og vi gler oss over at arbeidet ber frukter. Lokalavisene er grunnfjellet i det norske mediemangfaldet, og det historiske løftet til avisene våre er velfortent og nødvendig.

Arbeidet med pressepoltikk vart heilt annleis enn det vi hadde sett for oss. Om lag all vår tid våren 2020 blei knytt opp mot kompensasjonsordninga for medier. Det vart sett av 300 millionar kroner til mediene, av desse vart berre om lag 92,5 millionar brukt. Ein liten sum gjekk til våre medlemmer. Vi er glade for at kompensasjonen kom til nytte for ein del av avisene, men vi skulle ønskt at kompensasjonsordninga var betre og meir treffsikker. Det har vore vanskeleg å kommunisera at lokalavisene ikkje kunne redusera aktivitetsnivået. Avisene har tvert imot vore nøydde til å jobba kanskje meir enn nokon gong, i ei tid der innbyggjarane har hatt eit enormt informasjonsbehov.

LLA ønskte ein annonsekompensasjon, subsidiært ei ordning med lågare innslagspunkt. Dette fekk vi ikkje gjennomslag for i regjeringa som vedtok ein pakke basert på svikt i samla omsetning. Heldigvis var denne til god hjelp for rundt 30 av våre medlemsavisar, men dessverre skulle vi sett at fleire fekk del i ordninga. For LLA sin del har dette vore eit tidkrevjande arbeid.

Etter eit solid løft i produksjonstilskotet i 2020 er vi glade for at regjeringa vidareførte ordninga med eit innovasjontilskotet på 20 millionar, også inn i 2021. Dette er eit tilskot som har kome mange avisar til gode i innovasjonsarbeidet. No arbeider vi vidare med å få redusert, eller aller helst fjerna, kravet om 50 prosent eigenfinansiering for å få innovasjonsstøtte. Dette kravet gjer i dag at fleire av dei minste lokalavisene som treng støtta mest ikkje søker om tilskot, fordi dei ikkje har råd til eigendelen.

Eit langsiktig arbeid med presspolitikk har gitt gode resultat i 2020, men vi ser på ingen måte at det er grunn til å kvile. Framleis er LLA klare på at eit golv på ein million kroner til lokalavisene er vårt neste mål. Vi meiner også at avisar med opplag mellom 6.000 og 10.000 må kunne kvalifisera for produksjonsstøtte.

LLA har vore i høyringsmøter med kulturkomiteen på Stortinget og hatt møte med politisk og administrativ leiing i Kulturdepartementet ved fleire høve. I tillegg har vi undervegs hatt ei rekke møter med politikarar både i posisjon og opposisjon. I alle samanhengar målber vi bodskapen om lokalavisenes viktige rolle for innbyggjarane og for mediemangfaldet i heile Norge.

## Distribusjon

Arbeidet med porto og distribusjon har teke svært mykje tid i 2020. Posten kom med si omlegging i sommar med reduksjon til ordinær distribusjon berre annankvar dag, med forskjellige dagar frå veke til veke. Som erstatning fekk vi politisk gjennomslag for ei kompensasjonsordning med anbud dei dagane det ikkje er ordinær postgang for distribusjon i den geografien som ikkje blir dekka av avisenes budordning. Dette har vore ei krevjande omlegging og ei stor utfordring for dei fleste lokalavisene. LLA har for ei rekke avisar vore eit bindeledd mellom post, distribusjonsselskap og avisar som har fått vanskar etter omleggingane.

Før omlegginga var vi gjennom ein svært krevjande prosess for å få ei forståing for at papiravisene framleis er viktige, og at det er nødvendig å få avis ut i heile landet. Vi har møtt forståing, og kompensasjonsordninga fungerer bra. Men framleis er det slik at det for enkelte avisar ikkje er ei tilfredstillande løysing. Vi har møtt positiv haldning hos politikarar og byråkrati, noko som gir realistisk tru på vidareføring av kompensasjonsordninga som per i dag gjeld til juli 2022.

## Marknads- og informasjonsarbeidet

Naturleg nok blei også annonsemarkedet for lokalavisene sterkt prega av pandemien som slo inn over oss i mars 2020. Då mista svært mange lokalavisar svært store inntekter frå den eine dagen til den andre. Både dei store matvarekjedene og små lokale kulturarrangørar trekte tilbake bestilte annonser. Mange aktivitetar stoppa opp og butikkar stengte dørene, noko som medførte betydeleg svikt i lokalavisenes inntekter i fleire veker.

Då det verste sjokket la seg, kom matvarekjedene nokså fort tilbake. Det har også andre annonsørar i varehandelen gjort. Men etter ei viss opning av samfunnet att, har lokalavisene i fleire omganger fått merka at kultur- og idrettsarrangement, møter og andre lokale tilstellingar er instilte. Dermed har lokalavisene over lengre tid mista ein type annonseinntekter som i mange år har betydd mykje for lokalavisene.

Heldigvis har både det lokale næringslivet og lokalavisene vist ein formidabel evne og vilje til å omstille seg i vanskelege tider. Avisene har erstatta deler av tradisjonelle annonser med nye typar annonser, blant anna med viktige kunngjerigar om korona-situasjonen frå offentlege etatar, kommunar og bedrifter i dekningsområda sine. Mange lokalavisar har dessutan inngått samarbeid med handels- og næringsforeiningar om annonsekampanjar for å inspirere folk til å bruke lokale butikkar og tenester. Mange lokalavisar har takka vere stor innsats og kreativitet klart seg brukbart gjennom det siste året.

Når det er sagt: Det er store skilnader frå distrikt til distrikt og frå avis til avis. Mange slit framleis økonomisk. Alt i alt er

det mildt sagt utfordrande tider også i annonsemarknaden til lokalavisene.

I ei tid der mange lokalavisar mister annonseinntekter, er det ei trøst at fleire lesarar kjem til som nye digitale abonnentar. Slik blir fleire kjent med avisenes redaksjonelle innhold, og det kan på sikt styrke avisene som annonsekanal. Det perspektivet er samtidig ei påminning om at det er avgjerande at også dei minste lokalavisene, som ofte står utanfor dei store aviskonserna, får ta del i heilt nødvendig digital kompetanse og teknologi. LLA er derfor glade for at vi har fått innovasjonsstøtte frå Medietilsynet, slik at vi kan vere rådgjevarar og inspiratorar for lokalavisenes redaksjonelle satsingar, noko som indirekte også gjer avisene til attraktive medie- og annonsekanalar.

I lys av dei utfordrande tidene som har vore, har LLA også vore eit senter for idé- og erfaringsutveksling for markedsmedarbeidarane i lokalavisene. Blant anna har vi gjennom idébanken vist fram gode eksempel på nye inntekts- og annonsemuleigheter under pandemien. Lokalavisene har vore flinke til å dele erfaringar på godt og vondt.

Hausten 2020 starta LLA også ei ny satsing på lokal handel. Gjennom idébanken, månadlege nettmøte og annonsekampanjar på nett og papir inspirerer vi både avisene og innbyggjarane til å bry seg meir om nettopp lokal handel. Det handlar om å bevisstgjøre folk om kva oppgåande bedrifter betyr for levande lokalsamfunn og folks velferd. LLA har innleia eit visst samarbeid både med Distriktscenteret/Merkur-programmet og Hovudorganisasjonen Virke.

For å bidra til å tette litt av inntektstapet blant lokalavisene, stabla LLA også på beina ei reiselivssatsing for medlemsavisene våren 2020. Over 35 avisar deltok, der dei viste fram kva sine kommunar kunne freiste eigne innbyggjarar og tilreisande med i turistsesongen. Redaksjonelt innhald og annonser blei publisert på papir og nett, blant anna med mykje bruk av lyd og bilde. «Mitt feriets tips landet rundt» la til rette for at mange av lokalavisene våre henta inn ekstra annonseinntekter i ei vanskeleg tid.

I 2020 brukte LLA også ressursar på å pleie kontakten med handelskjeder, mediebyrå og kommunale annonsørar. Gjennom personleg kontakt, kronikkar og annonsekampanjar minna vi annonsørane om at lokalavisene er ein nyttig og effektiv mediekanal.

LLA har også halde fram med dokumentasjonsarbeidet overfor annonsørane; vi hentar inn dekningstal og annan nøkkelinformasjon, og presenterer dette blant anna på LLAs oppgraderde nettsider med kart og nøkkellopplysningar til avisene.

## Opplag

Opplagstala viser at lokalavisene står sterkt blant abonnentane og annonsørane. Opplagstala er nokså stabile frå det eine halvåret til det andre. Lokalavisene har alltid gjort ein viktig jobb. I tillegg til å gje innbyggjarane nyhende som betyr noe for folks kvardag, bidrar lokalavisene til å skapa samhald og lokal identitet. Også etter at korona-pandemien slo inn over Norge, har vi fått demonstrert at lokalavisene tar samfunnsansvar.

Avisene våre har medverka med livsviktig informasjon for innbyggjarane, og opplagstala for lokalavisene har vore stabile i 2020. LLA-avisenes samla opplag aukar med 2,6 prosent det siste halve året. Avisene i LLA har no eit netto opplag på nesten 373.000. Det er Norsk Opplagskontroll AS som tidlegare har kontrollert opplagstala til avisene i Norge, dette er no teke over av MBL og LLA. Opplagstala er dei einaste tala som følger pengestraumen i avisene, og slik er desse kontrollerte og godkjente tala eit viktig kvalitetsstempel som avisene har god nytte av. Tala er dessutan viktige overfor annonsørar og leسارar. Opplagstala er også utgangspunkt for spreiingstala og husstandsdekningstala som LLA arbeider fram for medlemsavisene. Denne dokumentasjonen er til god hjelp mellom anna for mediebyråa.

I andre halvdel av 2020 var det avisene Sogn Avis, Sandnesposten, Dag og Tid, Hallingdølen og Vennesla Tidende som hadde størst opplagsauke.

### Innovasjonsprosjekt

LLA har også i 2020 fått midlar til å hjelpe medlemsavisene i den digitale overgangen. Her kan medlemmer søka hjelp og råd for etablering og drift av sine nettsatsingar.

Det er no berre nokre få LLA-aviser som ikkje har eit digitalt tilbod til leسارane sine.. Inneverande år er det fleire som har fått nettavis i tillegg til papiravisa. Mellom anna fekk Storfjordnytt og Vestnesavisa nettavisar, kort tid etter at korona gjorde sitt inntog. Også fleire andre aviser er blitt digitale dette året.

LLA byrja sist haust arbeidet med å sjå særleg på aldersgruppa 20 til 40 år. Det er gjort ei større undersøking blant 1000 personar i denne aldersgruppa i LLA-avisenes dekningskommunar. Dette er tal som vi vil bruka vidare i arbeidet i 2021. Her får vi klar dokumentasjon på kva og korleis denne aldersgruppa tenkjer, og gode råd på kva vi kan gjera for å nå desse leasarane.



Eugen Hammer, Gjesdalbuen med sin "lyd og bilde" bil.  
Foto: Tomas Bruvik

### Kurs- og kompetansetiltak

I fjor deltok over 400 personar på kurs- og kompetansetiltak som LLA arrangerte. Dette til tross for at vi måtte avlyse årets landsmøte, der vi satsar mykje ressursar på eit sterkt fagleg program.

På kort tid måtte vi snu oss rundt og gjennomføra ulike digitale kurs. Det vart arrangert inspirasjonslunsjar i samarbeid med Senter for undersøkande journalistikk (Sujo) og NRK våren 2020. Her deltok mellom 25 og 60 personar kvar gong. Hausten 2020 arrangerte LLA konferansen Lokal & digital med i overkant av 150 deltakarar. Her vart det føredrag frå avisene Firdaposten, Vest-Tekmark blad og Dølen om streaming. NRK fortalte om LLA, Sujo og NRK sitt samarbeidsprosjekt. Sogn Avis og Vennesla Tidende fortalte om kvifor avisene veks i opplag, og Amedias Eivor Jerpåsen heldt foredrag om korleis Amedia no tenkjer digitalt.

Elles har vi fått laga videoar om korleis avisene kan jobba med sosiale medium, noko som er lagt ut på våre nettsider. Eit kurs om videojournalistikk i avisene vart utsett til 2021.

I tillegg hjelper LLA avisene med råd og rettleiing gjennom heile året. Her handlar det om å gje råd når ein kan, og elles vise kor avisene finn kompetansen dei søker.

Eitt av dei kanskje viktigaste kompetansetiltaka er LLAs idé- og kunnskapsbank. Her legg vi stadig inn nye gode døme frå avisene – både redaksjonelt, om marknaden og tekniske løysingar. Gjennom idébanken får avisene praktiske tips og gode idear. Vi har også planlagt og gjennomført kurs og kompetansetiltak for enkeltaviser og grupper av aviser.

Gjennom 2020 førebudde LLA og saman med NRK og Sujo eit større samarbeidande innhaldsprosjekt mellom dei tre partane; Den store Folkevandringa. Totalt 99 LLA-aviser melde seg på prosjektet, som vert sett i gang våren 2021. Samarbeidsprosjektet tek blant anna for seg folketalsutviklinga i bygd og by, omsorgsmangel og tilflyttingstiltak.



Bø Blad deltar på Lokal & digital 2020 - helt digitalt.  
Foto: Bø Blad

### Representasjon i råd og utval

LLA er representert i offentlege og institusjonelle utval der det blir arbeidd med rammevilkår. I 2020 har LLA vore med i følgjande råd og utval:

Tilskottsutvalet

Tilskottsutvalet er oppnemnd av Kulturdepartementet for å handtera forskriftene for produksjonstilskot.

Redaktør i Bø Blad Hilde Eika Nesje representerer LLA. Pressopolitisk rådgjevar Rune Hetland er varamedlem.

Offentlegheitsutvalet

Utvalet er sett saman av Norsk Presseforbund for å arbeide med offentlegheitsspørsmål og lovgjeving. Lokalavisene er

godt representerte i offentlegheitsutvalet. Frå LLA-avisene er Elisabeth Berg Hass i Kvinnheringen med.

#### Norsk Presseforbund

I hovudstyret til Norsk Presseforbund møtest medieorganisasjonane for å drøfte pressesaker av særleg prinsipiell og publisistisk verdi. Presseforbundet er også sekretariat for Pressens Faglege Utval (PFU). Pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland er LLA sin representant i hovudstyret, der LLA og Norsk Lokalradio forbund vekselvis er medlem eller møtande varamedlem.

#### Distribusjonsutval

Arbeidet med distribusjon: Styreleiar Øystein Øygarden, Vest-Telemark blad og LLAs pressepolitiske rådgjevar Rune Hetland utgjer LLAs ekspertgruppe knyta til distribusjon av aviser. Generalsekretær Tomas Bruvik er med etter behov.

#### Referansegruppa for mediemangfaldsregnskap

Medietilsynet oppretta i 2018 ei ny referansegruppe som skal støtte Medietilsynet i arbeidet med å få utarbeidd så god reiskap for mediemangfaldsrekneskap som muleg. Pressepolitisk rådgjevar Rune Hetland representerer LLA i dette arbeidet.

#### Bransjeråd (MBL, LLA, NJ, NR, NP, FP, LR)

Bransjerådet er ein uformell, men viktig møteplass mellom organisasjonane i bransjen for samtalar, organisering av samarbeid, tiltak, avklaring av posisjonar mm. Tomas Bruvik og Rune Hetland representerer LLA.

Oslo 12. mars 2021

Styret i Landslaget for lokalaviser (LLA)

## Styret

2020 vart også eit heilt spesielt år for styret i LLA. Det vart halde totalt åtte styremøter, berre to av dei var fysiske styremøter, eit tidleg i januar og eit i oktober. Styret måtte ha fleire digitale hastemøter både rett før og rett etter nedstenginga av landet 12. mars. Mellom anna var avlysing eller ikkje avlysing av landsmøte fleire gonger til diskusjon, og til slutt hadde ein ikkje anna val enn å avlysa. I løpet av våren hadde LLA fleire styremøter, der einaste sak på saklista var handtering av krisepakke. Totalt 38 saker var oppe til handsaming.

Etter valet i mars 2020 er styret i LLA slik:

Styreleiar:

Øystein Øygarden, Vest-Telemark Blad

Nestleiarar:

Tone Sidsel Sanden, Dølen

Camilla Skaar, Hordaland Folkeblad

Øvrige styremedlemer:

Holger Austvoll, Strandbuen

Erling Waage, Fjordenes Tidende

Knut Martinsen, Avisa Hemnes

Trude Hiller, Steinkjer-Avisa

Varamedlemer:

Lillian Holden, Hallingdølen

Reidar Hystad, Sunnhordland

Christoffer Johansen, Vennesla Tidende

# REGNSKAP 2020

**Regnskap 2020    Regnskap 2019    Regneskap 2018**

Medlemspenger	1 982 618	1 869 778	1 799 097
Fellesannonser	749 964	999 996	833 330
Salg produkt	255 336	237 809	268 966
Markedskontingent	538 119	481 783	487 400
Kurs og landsmøte	1 807 000	1 666 975	1 899 562
Tilskudd offentlige	64000	525 000	760 000
Prosjektstøtte	1 807 000	2 541 850	328 050
Andre inntekter	76 750	151 971	100 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>6 665 122</b>	<b>8 475 162</b>	<b>6 476 405</b>
Varekjøp	46 328	1 736 507	1 383 013
Lønnskostnader	3 941 734	3 392 555	2 670 574
Kostnader lokaler	245 073	262 937	202 893
Leiekostnader	129 354	72 276	69 815
Verktøy og rekvisita	129 354	123 163	119 812
Kjøp av tenester	900 086	1 421 891	987 681
Kontorrekvisita	207 980	394 213	205 148
Telefon, porto-frakt, tidsskrifter	73 397	53 596	52 638
Reisekostnad inkl. diett	437 372	848 375	432 083
Reklame, kontingenter	304 657	285 968	254 549
Forsikringer	6 165	5 755	20 398
Andre driftskostnader	33 356	7 942	31 949
Tap på fordringer	48 809	99 258	26 800
Avskrivninger	42 770	16 313	17 541
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>6 500 769</b>	<b>8 710 749</b>	<b>6 474 894</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>164 353</b>	<b>- 235 587</b>	<b>1 511</b>
Finansinntekter	23 227	39 743	29 412
Finanskostnader	- 45 4666	- 525	- 476
Ekstraordinære inn/kost			
<b>SUM FINANS/EKSTRAORDINÆRE</b>	<b>- 22 239</b>	<b>39 218</b>	<b>28 936</b>
<b>RESULTAT</b>	<b>142 114</b>	<b>- 196 369</b>	<b>30 447</b>
Dispositionar:			
Avsett til prosjekt			
Avsett til fri eigenkapital	142 114		30 447
Sum disponert	142 114		30 447

# BALANSE FOR 2020

Balanse pr. 31.12.2020

	2020	2019	2018
<b>EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
Kontormaskiner o.l.	128 006	97 862	-
Aksjer	72 651	115 951	115 951
Andre langsiktige fordringer	27 702	27 702	
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>228 359</b>	<b>245 059</b>	<b>115 951</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
Kontanter, bank m.v	4 122 820	2 445 136	3 517 112
Debitorer	785 252	753 173	302 543
Andre kortsiktige fordringer	149 134	106 091	8 772
Varebeholdning	20 450	21 950	26 950
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>5 077 656</b>	<b>3 326 350</b>	<b>3 855 377</b>
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>5 306 015</b>	<b>3 567 865</b>	<b>3 971 328</b>
<b>GJELD OG EGENKAPITAL</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	129 129	126 918	106 392
Off. avgifter, skattetrekk m.m.	296 080	304 523	183 792
Annен kortsiktig gjeld	2 749 863	1 201 094	1 449 945
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>3 175 072</b>	<b>1 632 535</b>	<b>1 740 129</b>
Avsett prosjekt	50 000	50 000	50 000
<b>Egenkapital</b>			
Aksjonsfond	607 215	553 715	653 215
Sum bundet egenkapital	607 215	553 715	653 215
Egenkapital, fri	1 473 728	1 331 615	1 527 984
<b>Sum egenkapital</b>	<b>2 130 943</b>	<b>1 935 330</b>	<b>2 181 199</b>
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b>	<b>5 306 015</b>	<b>3 567 865</b>	<b>3 971 328</b>

# STRATEGI OG MÅL FOR LLA SITT ARBEID I 2020 OG 2021

LLAs strategi og handlingsplan skal vere oversiktleg og tydeleg styringsverktøy for styret og administrasjonen, frå overordna visjon og verdiar til langsiktige og kortsiktige mål.

## MÅL OG STRATEGI

### Posisjon:

Interesseorganisasjonen for lokalavisene i Norge.

### Visjon:

LLA skal vere den viktigaste organisasjonen for lokalaviser i Norge.

### Verdiar:

LLA skal fremje interessene til lokalavisene slik at dei har best mulege rammevilkår.

LLA skal medverke til at lokalavisene lagar gode aviser, og er solide bedrifter til beste for lokalsamfunnet dei skal tene.

LLA skal vere med på å setje høge kvalitetsmål for lokalavisene slik at medarbeidarane kan vere stolte av arbeidet sitt.

## MÅL, DELT INN I FIRE OPPGÅVEOMRÅDE.

1. Rammeverk
2. Marknad og informasjon
3. Samfunnsoppdrag
4. Organisasjon

## LANGSIKTIGE MÅL

### 1. Rammeverk

LLA skal alltid fremje medlemmene sitt beste i møte med styresmaktene. Det skal skje på ein truverdig måte.

LLA skal sikre rammeverkå uavhengig av kven som sit i regjering og av stortingsfleirtalet.

LLA skal kommunisere dette tydeleg til eigne medlemmer, eksterne medieobservatørar og samfunnet generelt.

### 2. Marknad og informasjon

LLA skal styrke omdømmet til lokalavisene.

LLA skal styrke posisjonen lokalavisene har som mediekanal.

LLA skal gjere det tydelig for annonsørar og reklamebyrå at lokalavisa er ein effektiv annonsekanal.

LLA skal hjelpe avisene med større sals- og rådgjevings kompetanse

LLA skal hjelpe med råd om digitale strategiar og val av gode samarbeidsavtaler.

LLA skal styrke eige omdømme som relevant organisasjon for lokalavisene.

LLA skal arbeide aktivt overfor enkeltaviser, spesielt konsernuavhengige lokalaviser for å hjelpe dei med å lukkast digitalt

### 3. Samfunnsoppdrag

LLA skal gjennomføre tiltak som hevar statusen til organisasjonen og lokalavisene.

LLA skal hjelpe avisene til systematisk kompetanseheving.

Landsmøta er den største fellesarenaen for kompetansebygging. I praksis skjer dette mellom anna ved å bruke kompetansen som finst i dei enkelte lokalavisene.

LLA skal arrangere kurs og gje råd til enkeltaviser gjennom eit nettverk av kompetansepersonar.

Gjennom konkrete prosjekt skal LLA setje dagsorden og vere premissleverandør for samtalen om dei digitale løysingane for dei minste avisene i framtida.

### 4. Organisasjon

LLA skal vere ein attraktiv presseorganisasjon å arbeide for.

I ein bransje i kontinuerleg forandring må LLA ha tilgang til den kompetansen som medlemmene etterspør. I LLA-sekretariatet må det vere god grunnkompetanse innan avisdrift, pressepolitikk og marknad. Mellom dei tilsette bør det vere personar med lokalavisfagleg bakgrunn.

## KORTSIKTIGE MÅL FOR 2021 OG LITT VIDARE

### 1. Pressepolitikk

LLA skal vere synleg i den sentrale mediedebatten.

Arbeidet med å auka støtta til LLA sine medieavisar skal halda fram.

#### Politiske mål

Styrke lokalavisenes interesser i det politiske arbeidet generelt og spesielt i samband med

#### Konkrete mål

LLA skal arbeide for:

Innføring av golv (minstesats) for produksjonstilskottet på eit nivå som gir eit viktig løft i produksjonstilskottet til lokalavisene. Dette gjennom auka rammer og/eller omfordeling av ramma.

Best muleg distribusjon av lokalavisar, gjennom samarbeid med distribusjonsselskap og Posten, på fornuftige vilkår.

Fritak eller i det minste frådrag for arbeidsgjevaravgift for redaksjonelle personalkostnader.

Skal hjelpe avisar i den digitale omstillingssprosessen.

## **2. Marknad og informasjon**

LLA skal arbeide for å få fleire medlemmer spesielt blant lokalavisar som naturleg høyrer heime blant medlemsavisene. Det vil seie aviser med ei til tre utgåver i veka og mindre, lokale dagsaviser og nye nettaviser.

LLA skal dokumentere god effekt av annonsering i lokal avisene.

LLA skal formidle gode idear og kunnskap for å halde oppे eller auke inntektene både ved digital distribusjon og på papiraviser.

LLA skal arbeide kontinuerlig mot mediebyråa.

LLA skal undersøke og tilrettelegge for at alle lokalavisar får tilgang til framtidsretta teknologi og kunnskap om digitale inntekter.

## **3. Samfunnsoppdrag**

LLA skal gjennomføre tiltak som styrker lokalavis-journalistikken, både i omdømme og lesarmarknaden. På landsmøta til LLA skal prioriteringa av avisenes samfunnsrolle vere tydeleg.

LLA skal gjennomføre kurs i journalistikk som har som mål at lokalavisene blir endå viktigare for lesarane, lokalsamfunnet og Norge. Dette gjennom kurs, idé banken og innhaldsprosjekt og satsing på undersøkande journalistikk. Det er og eit mål at kompetansetiltaka skal føre til at flest muleg deltek meir aktivt i samfunnslivet og slik styrker lokal demokratiet.

LLA skal vidareutvikle konferansen "Lokal & digital".

LLA skal gjennomgåande snakke opp verdien av den lokale annonsen, formidla på papir eller digitalt.

LLA skal samarbeida med andre aktørar for at lokalavisene skal stå betre rusta til arbeid med gravande og undersøkande journalistikk.

## **4. Organisasjon**

LLA Det er eit mål at sekretariatet skal besøke minst kvar fjerde medlemsavis kvart år, og kvart år ha vore i kontakt med kvar enkelt medlem.



Avisbesøk hos Birkenesavisa. Foto: Tomas Bruvik



Prosjektoppstartsmøte "Den store folkevandringa".

Foto: Tomas Bruvik

# **FASTSETJING AV MEDLEMSPENGAR FOR 2022**

	2021	2022
<b>Medlemspengar</b>	475,-	475,-
<b>Serviceavgift</b>		
Grunnavgift for aviser med:		
Omsetning 0-10 mill. kroner i året	9.200,-	9.300,-
Omsetning over 10 mill.	9.600,-	9.700,-
<b>Eksemplaravgift etter godkjent opplag (inkl. digital betaling):</b>		
Per eksemplar opp til 3000	2,00	2,05
Per eksemplar 3000 - 4000	1,50	1,50
Per eksemplar 4000 - 5000	1,00	1,00
Per eksemplar over 5000	0,25	0,25
<b>Opplagskontrollen</b>		
(Norsk Opplagskontroll)	1.600,-	1.600,-
- Dobbeldelmedlemmer LLA/MBL	400,-	Utgår
<b>Aksjonsfond</b>		
Innbetaling til aksjonsfond for aviser med:		
Ei utgåve i veka og oftare	500,-	500,-
<b>Prosjektkontingent</b>		
Omsetning 0-10 mill. kroner i året	3.000,-	3.000,-
Omsetning over 10 mill.	3.600,-	3.600,-
<b>Markedskontingent</b>		
To promille av annonseomsetnaden for føregående år. Maks. kr. 7.000,-		
(Denne kontingensten har vore uendra sidan 2003)		

## **Avgrensing:**

Medlemspengane skal samla ikkje overstiga kr. 32.990,- per år for ei enkelt avis.

# **VAL AV STYRE I LLA FOR PERIODEN 2021-2022**

## **Styret i LLA**

Øystein Øygarden	Vest Telemark Blad	På val	2 år
Tone Sidsel Sanden	Dølen	På val	2 år
Camilla Skaar	Hordaland Folkeblad	Ikkje på val	1 år
Knut Martinsen	Avisa Hemnes	På val	2 år
Trude Hiller	Steinkjer-Avisa	På val	2 år
Svend Arne Vee	Firdaposten	Ny	2 år
Lillian Holden	Hallingdølen	Ny	2 år

<b>Leiar:</b> Øystein Øygarden	Vest Telemark Blad	1 år
<b>Nestleiar:</b> Tone Sidsel Sanden	Dølen	1 år
<b>Nestleiar:</b> Camilla Skaar	Hordaland Folkeblad	1 år

## **Varamedlemer:**

1. Reidar Hystad	Sunnhordland	1 år
2. Christoffer Johansen	Vennesla Tidende	1 år
3. Liv Maren Mæhre Vold	Alvdal Midt i Væla	1 år

## **Revisor:**

Deloitte alltid på val

Forslag til ny valkomite frå styret:

Asta Brimi, Fjuken

Astri Kvam Helset, Vigga